

## Innleiing

Ornes Prosjektet var i utgangspunktet tre-årig (frå 2004), og eit samarbeidsprosjekt mellom Riksantikvaren, Fylkeskommunen, Fylkesmannen og kommunen. Det vart tilsett prosjektleiar, som frå og med andre prosjektåret, arbeida i 30% stilling, i stadenfor 50%, som var tenkt i utgangspunktet. Prosjektperioden vart såleis noko forlenga (til juni 2008). Løyvingane til prosjektet frå finansørane opphørde frå og med 2007.

Partane har i prosjektperioden årleg bidrege økonomisk som synt nedanfor:

Luster kommune:	150 000,-
Riksantikvaren:	200 000,-
Fylkesmannen:	100 000,-
Fylkeskommunen:	150 000,-

Prosjektet starta opp i mars 2004.

## Målsetjing

Hovudmålsetjing for prosjektet har vore å utvikla Ornes og glandene ikring med målsetjing å halda folketalet oppe. Delmål:


- Tilrettelegga for betring av **busetnad-/bustadsituasjonen** i samband med tilflytting
- Tilrettelegga for inntektsbringande **arbeidsplassar**, supplerande aktivitetar til eksisterande arbeidsplassar
- **Marknadsføring/formidling** av verdiar på sørsida. Historieformidling.
- **Gjennomføring av tiltak etter Reguleringsplan for Ornes:**
  - Opprusting/rydding av tilkomst/kaiområdet
  - Tilrettelegging/utbetring av parkeringsområdet ved krysset
  - Utbetring av vegen frå kaiområdet og opp til kyrkja
  - Tilrettelegging/rydding av området oppe ved kyrkja
- Arbeida fram gode løysingar når det gjeld **skilting/merking** (gjeld heile sørsida; frå Skjolden til Kinsdal).
- Kulturlandskapsskjøtsel. Rydding og tilrettelegging av gamle ferdselsvegar, stiar. Opna landskapet mot mellom veg og fjord.
- Betra **kommunikasjonen** i området (vegen mellom Skjolden og Kinsdal, ferjetilbodet Ornes - Solvorn, breibånd oppkoppling).
- **Sosiale tilhøve.** Ei eiga trivselsgruppa sørger for at me kjem saman og kosar oss i lag av og til.

## BU-programmet

Sørsida av Lustrafjorden deltok òg i BU-programmet i perioden 2004-2006. Dette medførte tilføring av økonomiske midlar og andre ressursar (fagpersonar, nettverk..) for å få i gang tiltak me ønskte for utvikling av området.

## Organisering

Marianne Bugge vart tilsett som prosjektleiar i Urnes prosjektet, og har òg fungert som sekretær for samarbeidsgruppa for sørsida. Elles er organiseringa av arbeidet som følgjer:



Litt meir om dei ulike grupperingane: **Samarbeidsgruppa for verdkulturminnet Urnes Stavkyrkje** består av representant frå kommunen (kultursjef: Erling Bjørnethun), Riksantikvaren, Fortidsminneforeininga, grunneigarar på Ornes, Fylkeskommunen og Fylkesmannen.

**Samarbeidsgruppa for grendelaga på sørsida** vart danna i år 2000, og består av representantar frå tre av grendelaga på Sørsida: Ornes, Kroken og Sørheim. Lokal forankring såg initiativtakarane til prosjektet som ein forutsetnad for arbeidet, og dette vart sikra gjennom at lokalstyret for Urnes prosjektet er samanfallande med samarbeidsgruppa for grendelaga + Steinulf Skjerdal, landbrukssjef, frå kommunen.

**Arbeidsgruppene** består av minst ein representant frå lokalstyret (for å sikra kontinuitet og god kommunikasjon), innbyggjarar frå sørsida, grunneigarar og representantar frå Fortidsminneforeining og kommune.

## Arbeidsområde

### Kommunikasjon

Utbetring av **Feigum parkeringsplass**, parkeringsplass for dei som skal til fossen! Oppmerking av parkeringsplassar (nedstøypte granitt kantstein) Her vart sett ut bord og benkar, beplantning. Dei oppmerka plassane fungerer fint, og bilane står der dei skal stå. Det er kome avfallsbehaldar her!



**Ferjesambandet mellom Ornes og Solvorn** var oppe til vurdering hausten 06. Dette førte til kraftig engasjement for å få behalda ferjetilboden hjå innbyggjarane på ytste delen av sørsida, samt andre med interesser her (Fortidsminneforening, arbeidstakrarar på andre sida av fjorden, m.m.). Kommunen vurderte ulike alternativ, og gikk inn i ny avtale med Hærum Trans AS. Ferjetilboden er noko utbetra i høve tidlegare (betre mulegheiter for pendling til/frå arb., forlenging av sommarruta i skuldersesongane, frå mai og ut sept.).

På kommunikasjonssida har det elles vore engasjement for å få på plass "Ferjeskilt" i Skjolden + nye skilt på Ornes og på Sørheim og endra skilt i Feiga.

"Sykkelboksar" på tunnellmunningane (med lommelykter til utlån for gåande/syklande).



### Nærings- og busetjing

**Næringstunet i Kroken:** Då samarbeidsgruppa vart danna i 2000, kom idéen om å realisera oppsetjing av eit næringstun raskt på bana. Det vart danna eit AS (Sørsida Eigedom AS), med eige styre, som tok seg av framdrifta. Hausten 2008 vart bygget formelt opna av ordføraren, og nesten 100 frammøtte! Bygget innehold produksjonslokale for kjøt, fisk, bakst, frukt og bær i underetasjen, og kontor- og møtelokale i andre etasje. Næringstunet har fått namnet FJORDATUNET! Etter ein uheldig start med saltvatn påvist i vatnet frå borehole, vart det funne ny vasskjelde – ei oppkome like over næringstunet. Vassanalysene frå oppkoma er fine! Bygget vert pr. no brukt av Kroken Frukt og Bær, Urnes Gard, Urnes Hjortefarm, Lustrafjorden kjøt og fisk, samt nokre andre på dagsbasis, til kurs o.l. Eit kontor har vore utleigd til bygdemedarbeidaren (sjå info. lenger framme), samt Hanen Vestlandet. I tillegg er Fjordatunet nytta i samband med aktivitetsdagar for born, håndarbeidsklubben har faste dagar her, kafé i samb. med bokbåtbesøk, felleslunsjar m.m. Fjordatunet har såleis i tillegg til å vera eit reint næringsbygg, som var utgangspunktet for satsinga, blitt ein viktigare og viktigare møteplass for folk på sørsida. Her ligg det òg eit inntektpotensiale som bør utgreiast nærmare. Det vil framover bli arbeida meir med marknadsføring av Fjordatunet og ledig kapasitet der.

Eln av dei aller største utfordringane for sørsida er **rekruttering og tilflyttingsutfordringar**. Dette er avgjerande for eit levedyktig og livskraftig bygdesamfunn. Det er søkt kommunen om bygging av minst ein overgangsbustad, då spesielt dette med å finna ledige bustadhus/småbruk er ei stor utfordring. Luster kommune har no gåande eit prosjekt "folk i fleire hus", som me vonar kan bidra til omsetning av nokre av dei tomme husa/småbruken på sørsida. Positivt er det at det dei siste åra har flytta fleire til grenlene på sørsida. Det har òg vorte fødd fleire born her enn det har vore på lenge. Med jamne mellomrom får me òg henvendingar frå familiar og enkeltpersonar som kan tenkja seg å flytta hit, men det er omrent umleg å finna noko til leige eller sal. Det vil framover bli arbeida meir aktivt, og i samarbeid med prosjektet i kommunen med å få fram bustader og attraktive tomter for sal her.

Det er på internetsida til sørsida ([www.sorsida.no](http://www.sorsida.no)) lagt ut oversikt over til ei kvar tid ledige hus o.l. til leige og sal på sørsida.

## Formidling av verdiane i området – kulturelle tilhøve

Det vart hausten 2006 etablert samarbeid med Solvorn skule om å laga ein **natur- og kultursti** (etter manus frå Reidar Solberg) på Ornes. Solvorn skule var på besøk/synfaring til Ornes før jul -06, som ei innleiing til dette. På forsommaren 2007 var skulen igjen på Ornes for å montera opp informasjonen på tavler. Resultat: 15 postar rundt omkring på neset med historiske fakta og "nesten" fakta.. Skulen vedlikeheld ein gong pr. år!

Det vart trykt opp kart over kulturstien og lagt ut på eigna stadar for folk å ta med seg. Resultatet vart kjempebra, og mange, både fastbuande og tilreisande har tatt turen rundt kulturstien. Stien vart delfinansiert av LA21-midlar. *I 2010 vart det og laga ein kultursti i samarbeid med Skjolden skule, som hadde ansvaret for innhaldet på info.tavlene, og utsetjing/vedlikehald etterkvart. Dessverre måtte me ta ned att tavlene like etter at dei var komne på plass, p.g.a. ugreie med ein grunneigar i området.....*



Skulen på synfaring: på låven på Urnes gard var det "nissebollar" og kakao!



Skulen på synfaring: ved "høgesteinen"



Elevar ved Solvorn skule – oppsetjing av kulturstien



Elevar ved Solvorn skule – oppsetjing av kulturstien



Skjolden skule i Kroken i samb. med oppsetjing av kultursti-tavler



Skjolden skule i Kroken i samb. med oppsetjing av kultursti-tavler



Pizzasnurrar og saft er grei belønning for vel utført synfaring. Skjolden skule på Fjordatunet i samb. med synfaring av kulturstien.

Urnes prosjektet og Fortidsminneforeninga arrangerte i samarbeid markeringa av Kulturminnedagen i Urnes stavkyrkje. 9. September 2007. Det var foredrag om "Urnes-kyrkja som gudshus og kulturminne. Til glede og besvær" ved Alf Tore Hommedal som er forskar ved NIKU. Etter opplegget i stavkyrkja var det servering på Urnes Gard. Det vart ei flott markering, med mange frammøtte.

Arbeid for å få opp aktivitet på Munthehuset. Urnes prosjektet bistod styret i stiftinga Munthehuset m.a. i arbeidet med ein søknad om midlar til planlegging og marknadsføring av Munthehuset, som vart innvilga hausten 2006 (fylkeskommunale midlar). Prosjektleiar har vore i kontinuerleg kontakt med leiar for stiftinga Munthehuset i samband med ulike aktivitetar. Urnes prosjektet bidrog òg i høve søknad om midlar til vidare satsing på Munthehuset, jf. Program for opplevingsnæringer 2008.

Samarbeidsgruppa arrangerte for første gong **kulturveld på Munthehuset** våren 2007, med forfattar Edvard Hoem og violinist Lene Sollesnes. Dette vart ein stor suksess, og vart vidareført. Våren 2008 kom Ragnar Hovland, og det vert musikk av The Generous Days, ei gruppe med m.a. lokale musikarar. I 2009 var forfattar Erlend Loe og musikar Liv Kreken Kvalsnes trekkplaster, og i 2010 var Herbjørg Wassmo på besøk, samt musikar Gro Grimsø. Fulle hus!



Edvard Hoem



Lene Sollesnes



Nydeleg Lustra-“småmat” er tradisjon på kulturveldane



Ragnar Hovland



Erlend Loe og kona Alice



Herbjørg Wassmo med Lustramat-gåva si!

### Pilot WEB-prosjekt i samarbeid med Fylkesarkivet

Fylkesarkivet, ved Gunnar Urtegård i Leikanger hadde arbeidsgjevaransvaret, medan Valborg Heløy i Vettle-Kroken var den som gjorde arbeidet. Finansieringa av prosjektet er eit spleiseland mellom Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Luster kommune og Urnes prosjektet. Prosjektet hadde ei målsetjing om å dokumentera og formidla natur- og kulturkvalitetane i området mellom Feigum og Ornes. Det som gjorde dette arbeidet spanande i høve andre liknande prosjekt er den gode detaljeringsgraden ein kan oppnå ved at området er såpass avgrensa geografisk. Ein kan få vita "det meste" som er av interesse innafor områda kultur og natur i prosjektområdet. Denne delen av arbeidet har klår nasjonal verdi og interesse.

Resultatet av arbeidet kan sjåast på Fylkesarkivet si internettseite "Fylkesatlas", som det òg er direkte link til frå sorsida.no.

Fylkesatlas Sogn og Fjordane - Adaptive - 1.50.554 - Microsoft Internet Explorer

Fil Rediger Vis Favoritter Verktøy Hjelp

Tilbake

Adresse [http://www.fylkesatlas.no/advanced\\_default.aspx?minX=627298minY=681304&maxX=1126258maxY=6838836&la](http://www.fylkesatlas.no/advanced_default.aspx?minX=627298minY=681304&maxX=1126258maxY=6838836&la) Gå til Koblinger » Google Innsættinger »

Fylkesatlas Sogn og Fjordane

FYLKESMANNEN  
I SØGN OG FJORDANE  
SØGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE

Gå til enkelt kart  <p>Odd Njøs</p>                |  <p>Jens Brekke</p>   |  <p>Ole Johannes Øvretveit ("Børstebråten")</p>        |
|  <p>Humørbonden Geir Styve</p> |  <p><b>Informasjons- og inspirasjonskveld</b></p> <p><b>Fredag 3. februar</b> skal me kose oss på sørsida! Då vert det inspirasjonskveld på Sørheim grøndahus, kl. 18:30.</p> <p><b>Programmet for kvelden:</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>▲ <b>Ordførar Ivar Kvalem</b> oppsummerer, evaluerer og tek imot innspill om støde på sørsida etter stormen "Dogmar"</li><li>▲ Det vert laga spesiell "det folk vert utfordra til å skjenna red/dukketana kva som opplei dei for sørside. Inne i han finn også beride med 3 rå til, kva arrangement skal vi me arrangere, kva tilhuk er viktig for folk på sørside, m.m. Dette er ikkje meint som berre "Iva ein ønsker seg at andre skal organisera og arrangere for seg"; men kva ein sjølv kan tenkja seg å bidra med på kva området. Førstebet med aktøra er då litt ny giv arbeidet på sørside, til flere som engasjerer seg, sjølfting må flere og nye særer.</li><li>▲ Lokal dans og musikk i tradisjon. Ormberg og Vigdal gir oss musikalsk påfyll.</li><li>▲ Vaborg Høyay, ny prosjektleiar i "Folk i alle hus"-prosjektet i kommunen, gir oss ei oppdatering</li><li>▲ Trekking på loddboke til Fjordatunet! Mykje fine premiar!</li><li>▲ Enkel servering</li></ul> <p>Inngang: kr. 50,- for voksne, kr. 30,- under 16 år<br/>Alle hjartelig velkommen! Om du er frå Skjolden, Fortun, Luster eller andre bygder rundt omkring sørside er du like velkommen!</p> <p>Samarbeidsgruppa for sørside / Luster kommune</p> |  <p>Inspirasjons- og informasjonskveld på Sørheim</p> |



Felles påskemiddag utanfor Fjordatunet



Hobbykveld i Fjordatunet



Juleverkstad i Fjordatunet



17-mai feiringar på Sørheim



17-mai feiringar på Sørheim



17-mai feiringar på Sørheim



Jonsokfeiringar i Kroken



Jonsokfeiringar i Kroken



Jonsokfeiringar i Kroken



Olsokfeiringar på Kveken



Olsokfeiringar på Kveken



Olsokfeiringar på Kveken



Julekakebaking



Julekakebaking



Frå "den store kakedagen" 2008



Den store kakedagen



Frå "den store kakedagen" 2008



Julemarknad og kakedag på Sørheim



Frå barneklubb/hyggjekveldane



Frå barneklubb/hyggjekveldane



Frå barneklubb/hyggjekveldane

KARNEVAL  
VELKOMMEN TIL KARNEVAL PÅ SØRHEIM GRENDAHUS, ONSDAG 24.FEBRUAR, FRÅ KL. 18:00.  
Her er både heksar, spøkelse, troll, prinsesser, feir, dyr og andre, hjerteleg velkomne! Til og med heilt vanlige bygdafolk utan påkledning - alltså utkledning :-). Kom og bli med!  
Det vert PINJATA i taket og dans på golvet! Eller kaffi og ein god samtaile rundt bordet, før dei som ønsker det.  
Meny: pizza og saft, kaffi og kaker  
Inngang kr. 30 (velkone) og kr. 20 (barn)  
Velkommen!  
Samarbeidsgruppa Sørheim



Frå barneklubb/hyggjekveldane



Pølsekurs på Fjordatunet

KULTURKVED MED HERBJØRG WASSMO OG GRO GRIMSØ  
Kulturkveld i Munkhuset i Krøken, EREDAG  
7.mai, kl. 19:00.  
Herbjørg Wassmo les frå, og snakkar om eigne bokar. Musikk av Gro Grimsø frå Hafslø. Ho kjend frå m.a. grupper Absolut Blues.  
"Småmat" er inkludert i billetten, sal av vin og alkoholfrie lokale drikkar. Inngang kr. 300.-  
Billettpris: kr. 100,-  
Herbjørg Wassmo er fødd 1942 i Vest-Sørlandet. Hun har arbeidet som lærar, folkehelsearbeider, lærar i skule og glesane med formue i Munkhuset medan tilde gressen veks, blant anna i Trøndelag. For å ikke minnes i 1900-åra, var ho også med i den siste oppsetningen av "Hedda Gabler". Det ble høstet om Dua i "Rasisme" både konkurrans, en mikkelom sort konkurrans, og i 1997 ble ho tildelt en pris for sin arbeid med rasismen i 1997. Bokverket "Vest-Sørlandet" kom i 2007.  
Påmelding til: leirum@online.no (Trygve, nr. 9119454) manne.bugge@luster.kommune.no (Manne, nr. 91532784)  
Frist for påmelding: 1. mai  
Herbjørg Wassmo signerar bokar i pausen på Munkhuset om kvelden.  
Sponsorer:  
Toster Sparebank  
Luster Sparebank  
Forside: JOSVANGER  
www.josvanger.no  
www.forside.no  
Avery Dennison NIP  
www.averydennison.no  
Riks Samarbeidsgruppa for surseida



Kurs i partering av hjort



Pølsekurs på Fjordatunet

**Ein del av arbeidet med Urnes prosjektet har gått ut på å søkja aktuelle eksterne midlar frå ulike stadar, og dette har vorte gjort:**

Munthehuset (Opplevingsnæringer – FK)  
Turstiar på sørsida (SMIL)  
Konsertar i Urnes stavkyrkje (Kulturmiddlar – Luster kommune)  
Møteplass for born/unge (Kulturmiddlar – Luster kommune)  
"Opne Landskap" (FM/Luster kommune)  
Midlar til nasjonalt kulturarrangement (Luster kommune)  
Planleggingsmidlar i samband med gjennomføring av tiltak på P-plassen på Ornes (Vegvesenet)  
Kulturlandskapsskjøtsel og bygdeutvikling (frå 2010, verdsarvmiddlar, Riksantikvaren)  
Stimerking etter standard DNT-mal (Naturarvprosjektet, Luster)  
++

Elles merkar folk seg dei positive tiltaka og arbeidet som har pågått og pågår på sørsida, og både næringsutval, Innovasjon Norge, Statens Landbruksforvaltning og andre bygdelagsstyre har besøkt oss siste åra, og fått informasjon om Urnes prosjektet og det me arbeider for og med her.

**Samarbeidsgruppa på sørsida fekk fylkesprisen for idérike bydesamfunn 2007!!!** Den vart overrekt på fylkestinget på Leikanger i desember, medførte mykje medieomtale og er ei oppmuntring og stadfesting på at det me arbeider med og for på sørsida er viktig, synleg og bra!



#### **Andre "stunt":**

Det vart i våren 2006 sett opp sykkellykt boksar ved tunnelopningane.. Nokre personar på sørsida har fulgt med i lommelyktkassane gjennom somrane, og flytta lommelykter att og fram for å ha jamm fordeling i begge endar. Dette har fungert bra, og alt tyder på at mange har hatt nytte av lyktene på si ferd gjennom tunnellane.

Det vart òg hengt opp hengekøyjer langs "Den romantiske vegen", og spesielt ei har vorte flittig nytta. Her har besökjande laga til grillplass, og det er flott utsikt utover Lustrafjorden.

#### **Bygdemedarbeidar**

Som ein del av "vidareføringsarbeidet" vart det hausten 2007 sendt søknad til Luster kommune og Fylkesmannen om finansiering av ein 15% stilling i 3 år til ein "Bygdemedarbeidar" – ein person som får frigjort noko tid til å følgja opp arbeidet som er igangsett, vera ein kontaktperson for bygdene, ta tak i innspel til vidare tiltak, søkja midlar til ulike prosjekt/tiltak, o.s.v. Det er løyvd midlar frå både kommune og FM til dette, og det er gjort vedtak i samarbeidsgruppa om å løyva midlar til kontorplass i Fjordatunet til bygdemedarbeidaren.

## Planar framover:

- Fortsetja arbeidet i "busetjings- /tilflyttingsgruppa"
- Marknadsføring av området
- Følgja opp Fjordatunet – auka aktiviteten!
- Historiske framstillingar, kulturstiar på Sørheim og i Kroken
- Vidareføring og – utvikling av aktivitetsdagen + konsert
- Vidareføra/-utvikla kulturkvelden
- Vidareføra samarbeidet med Solvorn skule
- Skilting/rydding/merking av prioriterte stiar/gamle ferdselsvegar
- Vidareføra arrangementa våre (17-mai, jonsok, olsok, julebaking, hyggjekveldar/barneklubb..)
- Oppretthalda kontakten med Nina Children Home, og støtte til barneheimen (inntekter frå ulike arr. og julekakesalsdag + hyggjekveldar går til NCH)
- Utgreia nærmere mulegheiter for gjennomføring av planlagt badestrand, på Ornes (har plan og kostnadsoverslag, manglar pengar...enn så lenge)
- Halda vedlike og utvikla trivselen og bulysta på sørsida!! Ulike arrangement; Bygdemobilisering", bygdemøte; status, mulegheiter, kva må til for å få folk til å busetja seg og bli her, kartlegga og utvikla sosiale og kulturelle tilhøve
- Fortsetta arbeidet med å rydda prioriterte område langs sørsidevegen

Styret i Urnes prosjektet meiner me har fått til mykje gjennom prosjektperioden, men det er òg mykje me ønskjer å arbeida meir med framover på sørsida!

Med helsing

Marianne Bugge  
(prosjektleiar Urnes prosjektet, og sekretær for samarbeidsgruppa)